



# Referat frå Ekstraordinært Årsmøte i Lærdal Golfklubb

Onsdag 9. januar 2019

Håbakken  
Start kl.18.00

Årsmøtet følgjer Lova til Lærdal Golfklubb vedteke av årsmøtet 2015, med seinare endringar av 09.02.2016, godkjent av Sogn og Fjordane idrettskrins 28.06.2016. Sakslista er satt opp etter NIF sin mal.

## Sak 1 Stemmerett Lærdal Golfklubb – oppteljing

For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, ha vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfyllt medlemskrava. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt.

- Tal møtte 18
- Tal med stemmerett 18

## Sak 2 Godkjenning av rett innkalling og sakliste (§13 pkt 3)

Melding på heimesida oktober.

Saksbeskrivelsen er lagt ut som PDF på heimesida.

- Innkallinga vart godkjend.

### **Sak 3 Val dirigent, referent, 2 representantar til å underteikna protokollen**

Dirigent Petter Lossius  
Referent Gerd A. Skalle  
Signatør 1 Ingebrigts Gjerde  
Signatør 2 Oddmund Bøe

### **Sak 4 Introduksjon om arbeidet med ny bane – v/ Petter Lossius i Vidar Øygard sitt fråvær**

- Petter informerte om arbeidet Ny Bane-komité har gjort. Her er eit oversyn over noko av deira arbeid:

Dette ekstraordinære årsmøtet avslutter NyBane-komiteen sitt arbeid.

Takk til NyBane-komiteen ved Vidar Øygards, Oddmund Bøe og Per Åke Evjestad. Petter Lossius var med som representant for Styret.

Det er lagt ned mykje arbeid, 320 timer og 1700 km kjørt - nokre høgdepunkt.

søn 2016-11-20 Styremøte med LNU

tir 2016-12-20 Møte med LNU, SFF, KRETS, Lærdal Kommune

ons 2017-02-15 Info på årsmøte

#### **ons 2017-03-01 Møte LNU/Arve Tokvam**

ons 2017-03-29 Informasjonsmøte Håbakken

ons 2017-04-05 Møte kommune + LNU

#### **lør 2017-04-22 Møte Grunneigarar på bana**

søn 2017-06-11 Møte Grunneigarar m Tegna Bane

man 2017-08-28 Møte LNU - Solheim, Tokvam

#### **fre 2017-09-22 Regionalplan** - sende inn, Monika Lysne

søn 2017-10-22 Møte Grunneigarar LNU

ons 2018-02-07 LeGk Årsmøte Klingenberg Hotell, Årdal

ons 2018-06-20 LNU Banemøte

tor 2018-08-09 Møte med Pål Melbye, NGF, synfaring

#### **man 2018-08-13 Møte Monika Lysne**, kl 13, Formannskapssalen

søn 2018-08-12 Møte med grunneigarane kl 1930


tir 2018-09-18 Møte Harald Husabø, Årdalstangen

tir 2018-09-18 Møte LNU med Arve Tokvam, Øyri

fre 2018-11-16 Gerd møte med Monika Lysne

ons 2018-11-14 Møte Styret og Vidar hos Harald Husabø, Årdalstangen

Og takk til Arve Tokvam, Monika Lysne, Jan Geir Solheim.



Areal, Grunneigarar

Nedre område, sør for elva

Brita E. Zwart

Fam. Paulsen

Nedre område, nord for elva

Fam. Paulsen

Roger Hille

Thomas Lysne

Øvre område

Brita E. Zwart



I innkallinga ba vi folk tenkte gjennom oppgåver og melde seg. Det vert sendt rundt liste. Når Harald Husabø har orientert om Forprosjektet vil vi opne for diskusjon.

Etter diskusjon vil vi ha ei avstemming om årsmøte støttar bruk av golfklubben sine midlar i det vidare arbeidet.

### **Sak 5 Forprosjektet – gjennomgang ved Harald Husabø**

- Harald Husabø la fram tidsplan for forprosjektet, med estimerte kostnader. Der var det også lagt inn mange timer med eigeninnsats fra medlemmane og tilskot frå LNU. Totalkostnad for klubben vert etter dette estimert til ca. kr.65.000,-.

### **Sak 6 Diskusjon**

Ta opp emne du har tenkt på, oppgåver du vil være med på.

Kva treng vi?

Sende rundt liste.

Kommunen er positiv

NGF er positiv

Mykje av næringslivet positive

Viktig å framstå positive sjølv

Viktig på møtet

Har du tenkt gjennom oppgaver, viktig å melde.

- Det vart sendt rundt liste, og 12 medlemmer skreiv seg på lista. Alle var interessert i å vere med på dugnad.
- Det var spørsmål kring kostnad av bru over elva. Dette må forprosjektet hente inn.

## **Sak 7 Bruk av klubbens midlar framover - Avstemningssak**

Ekstraordinært årsmøte må ta stilling til om me skal gå vidare med prosjektet med å bygge ny golfbane i Lærdal. Forprosjektkostnad er estimert til kr.407 000, der om lag er 190 000 er utlegg til prosjekt og resten innsats frå golfklubben (360 dugnadstimer a kr 600). Golfklubben har fått støtte frå LNU (omstillingssmidlar) på kr 125 000 så rest 65 000 av de 190 000 må betalast av klubben. Status bank er januar 2019 er 250 000. Typisk årleg omsetnad er omlag 750 000 og utgifter om lag 700 000.

Dersom årsmøtet vedtek å jobba vidare med planane, er neste trinn å gjennomføra eit forprosjekt for å utgreie kostnader og ressursbehov ved bygging av ny bane.

Det er mogleg å ha skriftleg avstemning.

- Det vart stemt ved handsopprekking. Først kven som var imot å gå vidare med forprosjektet, så kven som var for, sist kven som var avhaldne.
- Møtet slutt kl.19.30.

Tal møtte 18:

Tal for 18:


Tal mot 0

Tal avhaldne 0



---

Signatur Ingebrigt Gjerde



---

Signatur Oddmund Bøe